



Universitetet  
i Stavanger

UNIVERSITETET I STAVANGER

---

# Årsrapport 2020 - 2021

---

UTFORDRE, UTFORSKE



# Innhold

<b>I</b>	<b>Melding frå styret</b>	<b>3</b>
<b>II</b>	<b>Introduksjon til verksemd og hovudtal</b>	<b>7</b>
<b>III</b>	<b>Aktivitetar og resultat i 2020</b>	<b>10</b>
	Resultatrapportering på verksemdsmål	11
	Verksemdsområde 1: Utdanning	12
	Verksemdsområde 2: Forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid	17
	Verksemdsområde 3: Innovasjon og samfunnsengasjement	21
	Verksemdsområde 4: Organisasjon og ressursar	25
	Anna rapportering	28
	Resultat og måloppnåing for andre midlar tildelt i 2020	29
<b>IV</b>	<b>Styring og kontroll i verksemda</b>	<b>33</b>
<b>V</b>	<b>Vurdering av framtidsutsikter</b>	<b>38</b>
	Utviklingsavtalen med KD	40
	Nye verksemdsplanar	40
	Budsjett 2021	42
	Langtidsbudsjett 2020-2030	43
<b>VI</b>	<b>Årsrekneskap</b>	<b>44</b>



# I. Melding frå styret

## STYREARBEIDET

Styret gjennomførte seks ordinære styremøte og eit ekstraordinært styremøte i 2020 og handsama til saman 111 saker. To av styremøta var utvida til styreseminar. Tema for styreseminaret i februar var strategiprosess ved Universitetet i Stavanger (UiS) og i september var det styrets roller og ansvar som stod på agendaen.

## VIKTIGE AKTIVITETAR OG RESULTAT

2020 har vore eit krevjande år for alle, og ikkje minst for studentane. Men er det éin ting fjoråret har vist oss, er det at både studentar og tilsette ved UiS er veldig gode på omstilling. Styret er godt nøgd med den innsatsen som er lagt ned frå alle partar for å sette i verk og etterleve smitteverntiltak på campus og legge om til digital undervisning og heimeksamen. Tilrådingane frå Kunnskapsdepartementet (KD) si ekspertgruppe for tiltak for oppfølging av studentane under koronapandemien er godt varetekne gjennom ulike tenester som er etablerte ved UiS.

Av fleire viktige tema som har stått på dagsorden i 2020, ønskjer styret å trekkje fram desse tre:

## STRATEGI 2030

I oktober blei Strategi 2030 vedtatt av styret. Strategien tek utgangspunkt i eit samfunnsoppdrag som seier at UiS skal utfordre det velkjente og utforske det ukjente. UiS skal vere eit innovativt universitet, og verdier som uavhengig, involverande og skapande skal vere styrande for all vår åtferd i møte med studentar, tilsette og samfunnet rundt. I Strategi 2030 tek UiS mål av seg å vere eit opent og innovativt universitet, med høg kvalitet i utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid. Retninga skal pregast av eit felles ansvar for berekraftig omstilling. For studentar og tilsette er målet å legge til rette for eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Dei faglege temasatsingane er energi, helse og velferd og læring for livet. UiS skal vere samarbeidsorientert, raust og inkluderande. Styret er nøgd med at strategiprosessen har vore godt forankra i heile organisasjonen og at strategien var på ein brei høyringsrunde, både internt og eksternt før han blei vedteken av styret.

## MEDISINUTDANNING

UiS har også i 2020 lagt ned mykje ressursar i arbeidet med å legge til rette for å få gradsrett og studieplassar i medisin til UiS. Dette har vore ei høgt prioritert oppgåve for UiS og for styret. Hausten 2020 blei det etablert og akkreditert eit studieprogram i medisin. Programmet gjeld eit treårig studium med opptak av studentar som har fullført dei tre første åra av medisinutdanninga ved eit anna universitet, i utgangspunktet i utlandet. Til saman 84 millionar kroner til oppstartsfinansiering frå fleire givarar i regionen er med på å styrke trua på at ei medisinutdanning vil kome på plass ved UiS. Styret er imponert over det solide arbeidet som er lagt ned i denne saka, og vil følge den vidare prosessen tett i 2021.

## CAMPUSUTVIKLINGSPLAN

Det har blitt arbeidd med å få på plass ein nycampusutviklingsplan for UiS i fleire år, og i september 2020 vedtok styret denne. Planen er utarbeidd saman med Statsbygg og omfattar campus på Ullandhaug og i Stavanger sentrum. Dei tre hovudprioriteringane er utvikling av eit bymessig gatemiljø langs hovudaksen på campusområdet, støtte til SiS sine planar om nybygg, og nytt bygg for Helsevitskapleg fakultet. Her ønskjer styret å gå vidare med konseptet nybygg vegg i vegg med det nye universitetssjukehuset på campus, og arbeider med ulike alternativ for å realisere denne planen.

## RESULTAT I 2020

### Utdanning og læringsmiljø

Styret er veldig glade for at søkartala til UiS totalt sett er tydeleg betre enn i 2019 og at studiepoengproduksjonen var rekordhøg i 2020. UiS har ein oppfylingsgrad til grunnutdanningane via Samordna opptak på 118 prosent, som er litt betre enn i 2019. Resultata frå Studiebarometeret er dessverre dårlegare for UiS enn for gjennomsnittet i sektoren. Trass i tiltak som er sette i verk, er resultata i barometeret i all hovudsak uendra frå året før. Styret vil ha auka merksemd på oppfølginga av desse resultata. Det reviderte kvalitetssystemet for utdanning blei fastsett av styret i juni 2020 og er under implementering i studieåret 2021.

## **Forsking**

UiS kan sjå tilbake på eit år med høg aktivitet på forskingsfronten. I 2020 blei det gjennomført totalt 74 disputasar, noko som er ny rekord for UiS. Fleirtalet av disputasane blei gjennomført heildigitalt eller delvis digitalt. Førebelse tal viser eit godt resultat for publiseringsverksemd blant forskarane ved UiS. Bidragsinntekter frå Forskingsrådet og EU per UFF-årsverk viser samla sett ein nedgang samanlikna med 2019, noko som i hovudsak kjem av nedgang i aktivitet i NFR-prosjekt, medan aktiviteten i EU-prosjekt har ein liten auke.

## **Innovasjon og samfunnsengasjement**

UiS skal vere eit ope, samarbeidsorientert og innovativt universitet der barrierane er brotne ned mellom ulike fagmiljø og mot verda rundt oss. I oktober lanserte UiS ei brukarorientert løysing for ekstern heimeside, noko som betydde ein stor auke i besøk på heimesida. I desember vedtok styret å utvikle og styrke samarbeidet mellom fagmiljø innanfor innovasjon, entreprenørskap og berekraft. Desse emna skal føyast inn i fleire studieprogram. I 2020 har UiS jobba med å opprette Lyspæren, eit hus for innovasjon, entreprenørskap og berekraft, med myldreplass for studentar, tilsette ved UiS og eksterne aktørar.

## **Organisasjon og ressursar**

I løpet av 2020 sette UiS i verk tre institusjonelle forbettringsprosjekt med sikte på å auke det økonomiske handlingsrommet fram mot 2030. Det blei for første gong òg utarbeidd eit langtidsbudsjett for å sikre økonomisk handlingsrom for å nå ambisjonar i vedteken strategi. UiS har store ambisjonar om omstilling og fagleg styrking den komande tiårs-perioden. For at universitetet skal lykkast med desse ambisjonane, krevst det større investeringar, blant anna i bygg, infrastruktur og organisatorisk støtte. UiS har lykkast godt i arbeidet med å få opp talet på kvinnelege professorar og ned talet på mellombels tilsette.

## **PRIORITERINGAR FOR 2021**

Styret har klare ambisjonar om å utvikle UiS vidare som eit internasjonalt universitet med vekt på nyskaping, innovasjon og omstilling, og har dermed fleire viktige oppgåver i 2021. Handlingsplan 2024 vil gje ei overordna retning for korleis UiS skal oppnå gode resultat på satsingane i Strategi 2030.

Samtidig vil UiS førebu nytt NOKUT-tilsyn og arbeide med å forbetre kvalitetssystemet for utdanning, arbeide med å få gradsrett og studieplassar i medisin, implementere campusutviklingsplanen og implementere forslaga frå dei tre institusjonelle forbettringsprojekta.

*Anne Marit Panengstuen*

---

Anne Marit Panengstuen  
styreleiar

*Janne Johnsen*

---

Janne Johnsen

*Tom Hetland*

---

Tom Hetland

*Yuhong Hermansen*

---

Yuhong Hermansen  
vara for Eskild Holm Nielsen

*Sigrun Karin Ertesvåg*

---

Sigrun Karin Ertesvåg

*Svein Erik Tuastad*

---

Svein Erik Tuastad

*Kolbjørn Brønnick*

---

Kolbjørn Brønnick

*Payam Allahvirdizadeh*

---

Payam Allahvirdizadeh

*Tuan Williams*

---

Tuan Williams

*Emilie Martinsen Christensen*

---

Emilie Martinsen Christensen

*Martin Solheim*

---

Martin Solheim

---

## II. Introduksjon til verksemd og hovudtal



Universitetet i Stavanger er ei offentlig verksemd under Kunnskapsdepartementet. Samfunnsoppdraget er å tilby høgare utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå. Universitetet skal bidra til livslang læring og etter- og vidareutdanning, og å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid. Det skal leggast til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten og bidra til innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med relevante aktørar for å styrke kvalitet og relevans i verksemda. Universitetsområdet ligg på Ullandhaug i Stavanger, og dei fleste einingane er plasserte her. UiS ligg i ein region med ein dynamisk arbeidsmarknad og har ein innovativ og internasjonal profil. Og universitetet sin visjon er å fungere som ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endringsprosessar i samfunnet.

---

“Vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente”

---

Universitetsstyret er det øvste styringsorganet ved UiS, medan rektor har det øvste vitskaplege og administrative ansvaret. Rektor er leiar for den samla verksemda ved universitetet og sekretær for styret. Rektoratet er tilsett på åremål og består i tillegg til rektor av tre prorektorar for høvesvis forskning, utdanning, og innovasjon og samfunn. Leiargruppa ved Universitetet i Stavanger består av rektoratet, direktør for organisasjon og infrastruktur, dekanar, direktør for Arkeologisk museum og leiaren for studentorganisasjonen StOr.


Den vitskaplege verksemda ved UiS er organisert i seks fakultet og eit Arkeologisk museum. Kvar av desse einingane er delt inn i institutt og avdelingar. Det finst òg fleire forskningssenter og nasjonale forskings- og kompetansesenter knytt til UiS. I tillegg har Universitetet i Stavanger samarbeid med FoU-senter, kunnskapsklynger og nettverk. Dei fellesadministrative einingane og Universitetsbiblioteket er leia av prorektorane og av direktør for organisasjon og infrastruktur.



*Studentar ved Hulda Garborgs hus.*



## Overordna organisasjonskart



## Hovudtal for UiS

Hovudtal	2017	2018	2019	2020
<b>Menneskelege ressursar</b>				
Talet på tilsette	1 695	1 821	1 854	1 935
Talet på årsverk	1 422	1 483	1 550	1 627
Omsetting (totalramme i mill.kr)	1 713	1 806	1 970	2 014
<b>Utdanning og forskning</b>				
Talet på studentar, haust	11 410	11 815	11 560	12 410
Uteksaminerte kandidatar (gradsgjevande)	2 285	2 345	2 535	2 650
Doktorgradsavtalar (eigne program, vår)	381	360	395	415

---

### **III. Aktiviteter og resultat i 2020**



## RESULTATRAPPORTERING PÅ VERKSEMDSMÅL

Måleparameter	2017	2018	2019	2020	Mål 2020
Talet på studentar totalt (snitt vår/haust)	10 742	11 235	11 060	11 515	11 500
Studiepoeng per student	44,5	44,5	43,9	47,4	45,0
Delen ferdige kandidatar som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden	7,9 %	7,0 %	8,6 %	10,0 %	20,0 %
Primær søkerar per studie plass i Samordna opptak	2,5	2,6	2,6	2,6	2,6
Delen uteksaminerte kandidatar på normert tid, BA	42,2 %	41,0 %	46,4 %	47,3 %	50,0 %
Delen uteksaminerte kandidatar på normert tid, MA	48,1 %	48,1 %	47,5 %	46,9 %	50,0 %
Inntekter frå EU og Forskingsrådet per UFF-årsverk	80 695	74 581	97 323	88 928	140 000
Totale eksterne inntekter som del av statlege inntekter	17,3%	16,2%	18,6%	17,4%	25,0%
Publiseringspoeng per UFF-årsverk*	1,15	1,26	1,40	1,30	1,2
Delen publikasjonar på nivå 2 (%)*	19,7%	22,0%	21,3%	24,1%	23,5%
Delen vitskapleg publisering med minst ein internasjonal medforfattar (%)*	37,0%	43,4%	42,4%	45,5%	42,0%
Talet på kommersialiseringar per 10 vitskaplege årsverk	0,68	0,89	1,32	0,50	1,10
Delen førstekompetanse (av vitskaplege årsverk)	69,8	73,5%	75,0%	76,9%	75,0%
Delen kvinner i professorstillingar	25,7%	28,6%	33,5%	36,0%	29,0%
Digital synlegheit (indeksmål)	115	124	153	180	200
Formidlingsbidrag i CRISStin *	3 189	3 406	2 964	2 384	3 300

\* Førebelse tal, UFF = undervisning, formidling og forskning

## VERKSEMDSOMRÅDE 1: UTDANNING

Universitetet skal vere ein attraktiv lærestad av høg internasjonal kvalitet med utdanningar tilpassa framtidens arbeidsliv. UiS skal ha eit studietilbod som varetek dannelsingsaspektet, gjev studentane solid basiskompetanse og samtidig gjev moglegheit for spesialisering og erfaring frå arbeidslivet.

### Resultat og vurdering av måloppnåing

I 2020 var UiS som andre institusjonar i sektoren prega av store endringar på fleire område i samband med covid-19. Under nedstenginga i vår måtte skoleeksamenar endrast til heimeeksamenar og undervisning, rettleiing og anna samhandling måtte gå føre seg digitalt. Haustsemesteret blei gjennomført som eit hybrid semester med ei blanding av digital undervisning og undervisning i klasserom.

I denne situasjonen har det vore viktig å halde oppe normal drift så langt som mogleg samtidig som ein har gjort naudsynte endringar fortløpande for å støtte opp under studentane sine høve til å fullføre studia på normert tid. Universitetet har difor sidan i fjor vår gjennomført ei lang rekke tiltak for å gje studentane betre oppfølging under koronapandemien.

I ein situasjon der det å vere fysisk til stades på campus kan vere forbunde med bekymring eller risiko, har det vore viktig for universitetet å sikre studentane tilgjenge til god og presis informasjon på nettet. Dei sentrale elementa i dette arbeidet har vore universitetet si informasjons-side for korona-info, samlesida for oppfølgingstilbod frå Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS), Studentorganisasjonen StOr, og Universitetet i Stavanger, og i tillegg tenestene på universitetet sin tenesteportal.

Tilrådingane frå Kunnskapsdepartementet si ekspertgruppe for tiltak for oppfølging av studentane under koronapandemien er såleis vareteke gjennom dei ulike tenestene som er etablerte ved universitetet. Tenestene er enkle for studentane både å finne og bruke. Det er lagt vekt på at informasjonen skal vere presis og korrekt. Alle tenestene finst både på engelsk og norsk, slik at utanlandske og norske studentar får same informasjon.

NOKUT gjennomførte sitt periodiske tilsyn med universitetet sitt systematiske kvalitetsarbeid i løpet av 2019. Universitetet fekk melding på nyåret 2020 om at komitéen vurderte det slik at kvalitetsarbeidet hadde vesentlege manglar og ikkje ville bli godkjent. I løpet av våren 2020 blei det gjennomført eit omfattande revisjonsarbeid for å følge opp NOKUT sine pålegg om endring og komitéen sine tilrådingar for utvikling av kvalitetssystemet. Det reviderte kvalitetssystemet blei fastsett av styret i juni 2020, og implementeringa har gått føre seg i haust og held fram våren 2021. Saman med NOKUT planlegg universitetet nytt tilsyn i løpet av sommaren og hausten 2021.

Arbeid med studieporteføljen i 2020 følgde årshjulet som styret har fastsett. Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet i er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta, utdanningsutvalet og styret. Nye akkrediterte og etablerte gradsprogram vedtekne i 2020 er:

1. Bachelorprogram i byplanlegging og samfunnstryggleik
2. Bachelorprogram i toll, vareførsel og grensekontroll
3. Masterprogram i forretningsjus
4. Treårig profesjonsutdanning i medisin.

Dei tre førstnemnde programma startar opp hausten 2021.

Etableringa av bachelorprogram i byplanlegging og samfunnstryggleik kan mellom anna sjåast i samband med behandlinga av regionalmeldinga i 2017 der Stortinget fatta vedtak om å be regjeringa sette i gang eit arbeid for å auke utdanningskapasiteten i offentleg planlegging. Samfunnstryggleik blir halde fram som eit viktig omsyn å ta i denne samanhengen.

Tolletaten si utdanning har fram til no vore ei eiga etatsintern opplæring, men etaten ønskjer ei meir moderne utdanning som vil passe inn i dagens utdanningssystem. Ein samarbeidsavtale mellom Universitetet i Stavanger og Tolletaten om å opprette og drive eit bachelorprogram som vil tilfredsstillere etaten sitt behov for høgt kvalifisert arbeidskraft, blei signert hausten 2020. Studiet startar hausten 2021 med finansiering frå Tolletaten.

Det er eit stadig aukande behov for og etterspurnad etter høg juridisk kompetanse i ein brei arbeidsmarknad. Sjølv om universitetet, på grunn av gradsforskrifta, ikkje kan utdanne kandidatar med master i rettsvitenskap, kan UiS tilføre arbeidsmarknaden juridisk kompetanse med fordjuping i forretningsjuridiske fag. Dette er eit aktuelt og arbeidslivsrelevant studium som gjev kandidatane spisskompetanse mellom anna i etablering, styring og omorganisering av verksemda.

Universitetet sitt arbeid med å utvikle og legge til rette for ei medisintutdanning ved UiS heldt fram med full styrke gjennom året. Etter at arbeidet med studiekonsept og studieplan var fullført i løpet av våren, blei det etablert og akkreditert ei profesjonsutdanning i medisin hausten 2020. I første omgang er dette eit treårig studium for studentar som har fullført dei tre første åra av medisintutdanninga ved eit anna universitet, i utgangspunktet i utlandet. Sjølv om statsbudsjettet 2021 ikkje inneheld nye studieplassar til medisintutdanninga, har universitetet med sitt arbeid posisjonert seg godt for å ta del i oppfølg-

inga av framtidige vedtak i regjeringa om kapasitetsauke og nye studiemodellar i utdanninga.

Utviklinga av ein betre reiskap for studie- og verksemdsanalyse, «UiS INNSIKT», blei vidareført i 2020. Prosjektet skal utvikle universitetet sine datavarehustenester for studiedata og betre datatenestene retta mot styringsorgana og leiinga ved universitetet. Frå hausten 2020 er det gjeve høg prioritet til eit delprosjekt for å digitalisere prosessane i det systematiske kvalitetsarbeidet i studia ved universitetet.

For å legge til rette for meir samarbeid med arbeidslivet og for å styrke praksis i utdanningane, heldt arbeidet med utvikling og bruk av arbeidslivsportalen (UNIT) og samhandlingsportalen (UiS) fram i 2020.

I 2019 innførte universitetet ei ordning for periodisk programevaluering med påfølgande reakkreditering som ein ordinær del av verksemda. Reakkrediteringa av programma var tufta på evalueringar med deltaking frå éin til



*Undervisning i koronatider med professor Mari Rege.*

to eksterne fagfellar og éin representant frå arbeidslivet.

Desse studieprogramma blei evaluerte i 2020:

1. Master i helsevitenskap
2. Bachelor i journalistikk
3. Bachelor i hotelleiing
4. Bachelor i reiselivsleiing
5. Master i sosialfag
6. Master i spesialpedagogikk
7. Master i nordisk og lesevitenskap
8. Master's Programme in Literacy Studies
9. Bachelor i biologisk kjemi
10. Master's Programme in Petroleum Engineering
11. Master's Programme in Geosciences Engineering.

For alle desse programma var hovudfunnet i evalueringa at akkrediteringa kan vidareførast. Komitéane som evaluerte studia, gav òg gode tilrådingar til vidare utvikling av programma.

Opptaket til studieplassane innan IKT-fag som universitetet fekk i 2018 og i RNB 2019, er vidareført i 2020.

Universitetet fekk femten nye studieplassar innan helse- og sosialfag i Statsbudsjettet 2020 som blei lagde til opptaka til bachelor i sjukepleie og master i helsesjukepleie. I samband med regjeringa sine kompetansehevingstiltak våren 2020, fekk universitetet 250 studieplassar i revidert nasjonalbudsjett. Desse er fordelte til fagområda fastsett i departementet si tildeling (vedlegg Studieplassar RNB).

Resultata av studentopptaket i 2020 er totalt sett tydeleg betre enn i 2019. Som dei nasjonale trendane syner, er søkinga, både til grunnstudia i Samordna opptak og til vidareutdanningane i dei lokale opptaka, betre enn førre år. Tala frå SO viser at UiS hadde 6 366 primær-søklarar til 2 288 studieplassar i det nasjonale opptaket. I dei lokale opptaka ved UiS var det 5 905 søklarar til toårige masterstudium, påbyggingsstudium og vidareutdanningar. Til det internasjonale opptaket til dei internasjonale masterstudia i Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet, Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora og Handelshøgskolen ved UiS var det 3 525 søklarar til 261 plassar. I tillegg kjem søkarar til dei kunstfaglege utdanningane.

Totalt var det 2 922 studentar som registrerte seg til 2 468 opptaksplassar på grunnstudia via Samordna opptak. Det gjev ein oppfylingsgrad til grunnutdanningane via SO på 118 prosent, som er litt betre enn i 2019. I dei lokale opptaka er det registrert 1706 studentar til 1 751 plassar, noko som gjev ein oppfylingsgrad på 97 prosent. Dette er betydeleg betre enn opptaket i fjor, men eit stykke frå måltalet som universitetsstyret har sett til 115 prosent. Totalt sett er oppfylingsgraden for heile opptaket 110 prosent som òg er svakare enn måltalet, men klårt betre enn 2019. Dette er aggregerte tal som skjuler store forskjellar mellom fakulteta og mellom dei ulike studieprogramma.

Svarinngangen (36 prosent) og resultata frå Studiebarometeret er diverre dårlegare for UiS enn gjennomsnittet i sektoren. Trass i tiltak som er sette i verk, er resultata i barometeret i all hovudsak uendra frå året før. Universitetet vil framleis ha merksemd på oppfølginga av resultata frå Studiebarometeret.

Talet på inn- og utreisande studentar i 2020 er dramatisk redusert frå førre år på grunn av kanselleringar i heile sektoren som følge av Covid-19. Arbeidet med at alle studieprogram skal ha tydelege ordningar og tilstrekkeleg utvekslingsavtalar som er fagleg relevante og forankra i fagmiljøet, er intensivert som ein del av ovannemnde revisjon av kvalitetssystemet.

UiS har i 2020 jobba godt med å auke deltakinga vår på konkurranseutsette arenaer for finansiering av internasjonale utdanningsprosjekt. Det blei sendt 18 Erasmus+ prosjektsøknader, og UiS fekk tildelt 13 av desse, inkludert dei to årlege mobilitetsprosjekta innan europeisk og global mobilitet. UiS er koordinator på seks av desse prosjekta. Dette er ein stor auke frå 2019, då UiS deltok i like mange søknader, men fekk tildelt åtte prosjekt. UiS fekk i 2020 òg tilslag på tre prosjektsøknader til det nye NORHED II-programmet og to nye tildelingar i INTPART-programmet (Panorama-strategien).

European Universities er sentralt i utvikling av fleksible utdanningsmodellar og EU sitt fremste fyrtårn for å

reformere det europeiske utdanningsområdet. UiS har i 2020 hatt god framdrift i vår deltaking i ECIU University, der UiS no piloterer eit økosystem med skreddarsydd utdanningstilbod for alle, basert på reelle samfunnsutfordringar i samarbeid med universitetet sine arbeidslivspartnarar.

### **Nasjonale styringsparametrar**

Gjennomføringa på normert tid på bachelorutdanningane er 47,3 prosent. Det er ei ytterlegare betring i høve til i tidlegare år. Gjennomføringa på masterutdanningane har vore relativt stabil over fleire år, men UiS ser ein liten nedgang frå i fjor frå 47,5 til 46,9 prosent.

Universitetet si målsetting for 2020 er 50 prosent for begge gradsnivåa, men UiS ligg eit stykke unna målet. Fakulteta arbeider med tiltak for å betre gjennomstrøyminga, mellom anna i implementeringa av prosjektet Forsterking av studiekvalitet.

Basert på tal frå Studiebarometeret bruker UiS-studenten i snitt 34,5 timar i veka på studiarbeid, organisert og sjølvstudium. Dette er noko høgare enn det nasjonale snittet på 33,9. I tillegg bruker UiS-studenten om lag 9,8 timar på lønsarbeid, litt over det nasjonale snittet på 7,9. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet. Medan studentane ved Det helsevitskaplege fakultetet og Det teknisk-naturvitskaplege fakultetet svarar at dei bruker høvesvis 38,5 og 40,5 timar i veka på studia, svarar studentane ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora og Det samfunnsvitskaplege fakultetet at dei bruker høvesvis 25,6 og 27,7 timar.

Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt studenttal fall dramatisk i 2020 til 0,25 prosent. Heile sektoren har ein reduksjon i mobiliteten i 2020, noko som må tilskrивast koronapandemien.

Kandidattala i 2020 er stort sett betre enn i fjor. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning er til saman 50 i 2020, godt over målalet på 34. Kandidattalet for sjukepleiarutdanninga er 222 og ligg godt over målalet på 167. Det same gjeld GLU 5-10, der kandidattalet er 71, om lag som 2019, og klårt over målalet på 37. På GLU 1-7 blei det uteksaminert 69 kandidatar som

er ei klår betring frå 2019, og godt over målalet på 56. På barnehagelærerutdanninga blei det uteksaminert 141 kandidatar. Det er færre enn i fjor, men klårt fleire enn målalet på 115. Ved lektorutdanninga blei det uteksaminert 32 kandidatar, som er ein auke frå 2019 og over målalet. For PPU er kandidattalet i 2020 183. Det er ei betring frå 2019 og over målalet på 174. Universitetet er godt nøgd med resultatata for kandidatar i helse- og lærarutdanningane, det er særleg gledeleg at resultatata for GLU 1-7 og PPU er så mykje betre enn i fjor.

Gode resultat finn ein òg i studentane sin studiepoengproduksjon. Studiepoeng per student auka frå 43,9 i 2019 til 47,4 i 2020.

### **UNIPED**

Oppgåva til Uniped-eininga er å vidareutvikle undervisningskvaliteten ved universitetet og medverke til at dei tilsette får tilbod om gode faglege støttestrukturar for å kunne fremme arbeidet med kvalitet i undervisninga. Uniped skal med dette bidra til at vitskapleg tilsette utviklar og vidareutviklar undervisninga og den utdanningsfaglege kompetansen sin.

Uniped tilbyr to kurs som svarar til departementet si forskriftsendring om 200 timar formelt basisnivå; NyTi (50 timar) og basiskurs (150 timar). NyTi rettar seg mot undervisningsrelatert kollegalæring for og med nytilsette, medan basiskurset rettar seg mot ein noko breiare pedagogisk basiskompetanse. Uniped har hovudansvaret for å drive meritteringsordninga der vitskapleg tilsette ved UiS kan søke status som merittert undervisar to gonger i året. I løpet av 2020 og 2021 har UiS merittert 12 undervisarar.

I 2020 blei det også utvikla eit 20 timars nettbasert kurs i bruk av digitale verktøy i undervisninga, Digiskills. Over 100 kollegaer har fram til no sett i gang kurset. Kurset er eit tilsvar på UiS sitt progresjonsorienterte kvalifiseringssystem og ei mogleg påbygging av utdanningsfagleg kompetanse utover basisnivået. I tillegg har over 500 kollegaer teke del i digital rettleiing i løpet av 2020, leia av tre digitale rettleiarar tilsette ved Uniped i 100 prosent stillingar sidan juni.

Styrkinga av UNIPED heldt fram i løpet av 2020 og inn i 2021. Det er tilsett to nye medarbeidarar i vitenskaplege stillingar som skal støtte opp om satsinga på auka utdanningsfagleg kompetanse ved UiS.

### **Etter- og vidareutdanningsverksemda**

Etter ein periode med låg etterspurnad (2017–2019) har marknaden teke seg opp igjen, og kurstillboda i 2020 har for det meste vore fulltinga. Omsettinga frå EVU-verksemda i 2020 var nær 34 millionar kroner, som er eit resultat berre to millionar under 2016-nivå. Særleg etterspurde er dei erfaringsbaserte masterprogramma Executive Master of Business Administration og Master i risikostyring og sikkerheitsleiing ved Handelshøgskolen og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet. Resten av kursporteføljen er meir samansett, men likevel eit viktig bidrag til det heilskaplege utdanningstilbodet for arbeidslivet både regionalt og nasjonalt.

Viktige drivarar til auka etterspurnad har vore behovet for kompetanseheving i ein utfordrande arbeidsmarknad, saman med eit fleksibelt, digitalt kursdesign som utvidar det geografiske nedslagsfeltet. Talet studentar har auka til 2 528 (+ 39 prosent) i høve til 2019. Veksten kjem i hovudsak frå regjeringa sine tiltak knytte til kompetanse-reforma Lære heile livet, med ulik utlysingsprofil. Dette resulterte i heile 33 nye heildigitale kurstillbod levert i samarbeid med fakulteta.

Oppdragsaktiviteten har vore stabil i perioden, der drift og kvalitetssikring av etablerte avtalar har stått i fokus. Master i Relasjonsbehandling er eit eksempel på dette, eit samarbeidsprosjekt mellom Det helsevitenskaplege fakultet og Klinisk psykisk helsevern ved Helse Stavanger HF. KAT-studiet, det toårige vidareutdanningstilbodet som gjev kompetanse i å bruke kognitiv åtferdsterapi, er eit tilsvarende samarbeidsprosjekt, der RKBU Vest er partner.

EVU-eininga ved universitetet har ein støttefunksjon for fakulteta og støttar dei med tenester retta mot etter- og vidareutdanningsaktiviteten. EVU-eininga har støtta Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora i drifta av kurs som skal fremje lærarar sin kunnskap om arbeidet deira, til dømes klasseleiing og koding i skolen. Eininga

har òg støtta Det samfunnsvitenskaplege fakultet i spanande prosjekt på same område, der lærarar i vidaregåande skole (Viken fylkeskommune) har fått opplæring i tema som sal, service og reiseliv.

EVU-eininga har vidare vore ein aktiv støttespelar overfor TN fakultet i arbeidet med å få på plass avtalen med Tolletaten om bachelorstudiet i toll, vareførsel og grensekontroll, og skal etter planen også dekke etaten sitt behov for etter- og vidareutdanning på same fagområde.

### **Digitalisering av utdanninga**

NettOp-UiS er universitetet si eining for tenester og støtte til utvikling av digitale løysingar for læring og vurdering i utdanningane. Løysingane spenner frå dei enklaste for strøyming av førelesingar til komplekse, adaptive spel og simuleringar.

Som ei følge av koronapandemien blei det oppretta ei sentral tiltaksgruppe våren 2020 for å støtte utdanningane med å handtere nettbasert undervisning under nedstenginga og seinare med «hybride» løysingar. Innsatsen har vore omfattande, både fordi NettOp er ansvarleg for strøymetenesta for førelesingar på UiS, men ikkje minst også fordi NettOps kompetanse viste seg å vere særleg etterspurd for å utvikle nettbasert innhald som kunne fungere som erstatning for å vere fysisk til stades på laboratoria, feltekskursjonar og prosedyretrening. Mellom anna er det i 2020 produsert nær 150 videoar for slike formål. Produksjonskapasiteten for podkastar auka òg, og det er produsert 32 nye seriar og 86 episodar i 2020. Talet på unike nedlastingar av podkastar frå UiS passerte 58 000, som er ein auke på rundt 30 prosent frå året før.



## VERKSEMDSOMRÅDE 2: FORSKING OG KUNSTNARISK UTVIKLINGSARBEID

Universitetet i Stavanger sine mål på dette verksemds-området handlar om at kritisk og uavhengig forskning skal gjere UiS til ein ettertrakta forskingspartner med resultat som kjem samfunnet til gode.

### Resultat og vurdering av måloppnåing

Til å vurdere resultat og måloppnåing i 2020 så er styringsparametrane knytte opp mot UiS sin Strategi 2017-2020 tekne med i tillegg til dei nasjonale måleparametrane.

Det er naturleg at den spesielle koronasituasjonen har påverka forskingsresultata der reiseverksemd og samhandling med andre forskarmiljø både nasjonalt og internasjonalt er ein viktig føresetnad. Trass i dette kan UiS sjå tilbake på eit år med høg aktivitet på forskingsfronten ved UiS.

Måлтаlet for den nasjonale styringsparameteren publiseringspoeng per UFF-årsverk er 1,20 for 2020. Førebelse tal visar eit resultat for 2020 på 1,33 publiseringspoeng per UFF-årsverk på UiS. Det er eit godt førebels resultat samanlikna med 2019, som då landa på 1,36.

Måлтаlet for formidlingsbidrag i CRISStin var 3 100 for 2020, medan resultata for fjoråret viser eit førebels tal på 2 384.

Vi ser for 2020 ein auke i styringsparametrane delen publikasjonar på nivå to frå 21,3 prosent i 2019 til 24,1 prosent i 2020. Delen publisering med minst ein internasjonal medforfattar har auka frå 42,4 prosent i 2019 til 45,5 prosent i 2020 (alle publiseringstala er førebels fram til 1. april).

Styringsparameteren andre bidrags- og oppdragsinntekter per UFF-årsverk syner at UiS held fram den positive trenden med auka inntekter dei siste fire åra. Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per UFF-årsverk viser ein svak nedgang frå året før, og ligg omtrent på same nivå som 2017 og 2018. UiS har i tillegg definert ein eigen strategiparameter for NFR- og EU-inntekter

samla per UFF-årsverk med måltal 140 000 kr/årsverk i 2020. Resultat for 2020 blei 88 928 kr/årsverk. Dette er betydeleg under måлтаlet og lågare enn for 2019 (97 323 kr/årsverk), som i ettertid har vist seg å vere eit sars bra år for bidrags- og oppdragfinansierte inntekter. Her er det klare forbetningspunkt, men det er positivt å sjå at to fakultet ligg over måltala sine for 2020.

UiS fekk som prosjektansvarleg institusjon tildelt 155 millionar kroner frå Forskingsrådet i 2020, fordelt på 13 prosjekt, ut av 104 innsende søknader. Dette er noko lågare enn i 2019, då UiS blei tildelt 162,8 millionar kroner. Forskarar ved UiS fekk innvilga to Forskarprosjekt for unge talent og tre Forskarprosjekt for fornying. Dette er færre enn i 2019, noko som blant anna kan forklarast med at Forskingsrådet hadde sett av ein lågare totalsum til desse prosjektkategoriane enn året før.

Samtidig har fagmiljøa ved UiS gjort det svært godt i kategorien «Kompetanse- og samarbeidsprosjekt» (KSP). UiS fekk innvilga åtte prosjekt, blant anna innanfor fagfelte klima, utdanning og havbruk. Dette inkluderer to søknader som blei sende inn til Forskingsrådet si covid-19 hasteutlysing våren 2020. I tillegg er fem andre av KSP-prosjekta finansierte av prosjektkategorien «Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv», som blei oppretta av Forskingsrådet i 2020 for å støtte forskning som skal løyse samfunnsutfordringar. Dette er ein søknadstype som passar UiS, då universitetet har godt samarbeid med aktørar i regionen, i tillegg til at UiS legg stor vekt på samfunnsnytta i forskinga.

UiS er partner i tre nye innovasjonsprosjekt finansierte av Forskingsrådet i 2020, som skal føre til fornying og berekraftig verdiskaping for bedriftene og/eller offentlege verksemdar som deltek i prosjekta.

Samla sett er totalen på 13 innvilga forskarprosjekt og Kompetanse- og samarbeidsprosjekt for 2020 betre enn talet på innvilga forskarprosjekt i 2019 då UiS fekk innvilga 10 forskarprosjekt, noko som ikkje kjem fram i andre tal.

I løpet av 2020 har UiS inngått kontraktar for åtte nye Horisont 2020-prosjekt. Seks av desse prosjekta er

## Verdien av Horisont 2020-kontraktar per UFF (FoU-årsverk)

### Nasjonal styringsparameter, DBH - per 18.02.2021

	Talet på prosjekt	Sum innvilga beløp EUR	FoU-årsverk (forsknings-årsverk - NIFU)	Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (euro)
UIS-AM	1	214 159		
UIS-SV	1	202 159		
UIS-TN	2	798 843		
UIS-UH	2	416 317		
<b>Sum UiS</b>	<b>6</b>	<b>1 631 478</b>	<b>460</b>	<b>3 547</b>

\* tabellen er basert på eCorda data per oktober 2020

Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA). Disse seks prosjekta er inkluderte i tabellen nedanfor. UiS har eit eige MSCA IF støtteprogram som gjev suksess. Av totalt 13 søknader blei fem prosjekt innvilga. Søknadene blei sende inn i 2019. UiS har også inngått kontrakt med eit nytt "Innovative training network".

UiS har også inngått kontrakt for to "Science with and for Society" prosjekt i 2020. Disse er ikkje med i tabellen ovanfor, då den baserer seg på eCorda per oktober 2020. I det eine av desse prosjekta er UiS koordinator. Dette prosjektet er "Paths to Successful Innovations" (ISPAS), der ein skal utvikle læreplanar for ph.d.-kurs retta mot kompetanse i innovasjon både innanfor akademia og utanfor i arbeidslivet. Det andre er i tilknytning til ECIU University (finansiert av Erasmus) der UiS etablerer støtteprosjektet SMART-ER med finansiering frå SWAFS-utlysinga i Horisont 2020. Gjennom SMART-ER skal UiS styrke forskingsdimensjonen i ECIU University ved å etablere eit Virtual Research Institute (VRI). Dette verkar positivt på ECIU University gjennom å skape synergjar mellom forskning, innbyggardeltaking og utdanningsmodellen. Dette synleggjer den gode koplinga mellom rammeprogram for utdanning og rammeprogram for forskning og innovasjon, noko som vil bli forsterka gjennom den nye programperioden for Erasmus+ og Horisont Europa.

Totalt har UiS inngått Horisont 2020-kontraktar for ca. 22 millionar kroner i 2020. UiS har også fått innvilga eit

prosjekt innanfor 'Union Civil Protection Mechanism Call'. Ved UiS er det totalt registrert ca. 40 millionar kroner frå EU i kontraktverdiar i 2020, som gjeld 20 nye prosjekt (H2020 og Erasmus), og av desse gjeld ni prosjekt innanfor H2020 til verdi totalt ca. 29 millionar kroner. Dette er ein stor auke i kontraktverdi samanlikna med tidlegare år. Prosjektporteføljen viser år for oppstart for prosjekta, noko som ikkje nødvendigvis speglar år for signering for kontraktane, jf. eCorda-data ovanfor.

Samla tal for EU (Horisont 2020 og Erasmus)\*

UiS held fram den gode utviklinga og har også i 2020 eit rekordstort tal avlagde doktorgradar. Det blei gjennomført totalt 74 disputasar, noko som tilsvara ein auke på 19,4 prosent frå 2019. Av desse var 33 gjennomførte heildigitalt og 30 delvis digitalt.

I overkant 50 prosent av dei uteksaminerte kandidatane i 2020 var kvinner. Med unntak frå 2018, då kvinnedelen var 60 prosent, har tala halde seg relativt stabile dei siste åra.


Delen kandidatar som har disputert innan seks år, har gått opp til 75 prosent (tal frå DBH). Dette er ein markant auke frå 2019 då gjennomstrøyminga var på 57,8 prosent. UiS gjer det også svært godt samanlikna med gjennomsnittet for statlege institusjonar, der gjennomføringsgraden ligg på 70,2 prosent.

Auken har skjedd trass i at det i 2020 har vore ekstra utfordringar knytte til gjennomføring av fysiske disputasar og til planlegging og iverksetting av tiltak for å auke gjennomstrøyminga.

Under pandemien i 2020 har forskingsavdelinga ved UiS auka fokus mot ph.d.-studentane for å styrke gjennomstrøyminga og motverke potensielt negative effektar av pandemien. Blant anna har det vore arrangert ulike



*Ida Sjørso fra Læringsmiljøsentret ved UiS gikk av med seieren i regional finale i Forsker Grand Prix.*



\* Utviklinga i kontrakttildeingar, aktivitet og ubrukte tildelingar (reservar) over fleire år.

webinar rundt temaet mental helse. Avdelinga held fram å vidareutvikle tiltaka også i 2021.

I revidert nasjonalbudsjett 2020 fekk UiS tildelt 16 rekrutteringsstillingar. Desse blei fordelte til dei same fagområda som fekk tildelt studieplassar i tildelingsbrevet. Det helsevitskaplege fakultet fekk 3,5 stillingar, det samfunnsvitskaplege fakultet fekk 2,5 stillingar, fakultet for utdanningsvitskap og humaniora fekk 2 stillingar, det teknisk-naturvitskaplege fakultet fekk 5 stillingar og Handelshøgskolen fekk 3 stillingar. Fakulteta blei bedne om å prioritere SFF-søkarane sine, og å vareta strategiske satsingar og ei felles satsing på helse gjennom kognitiv lab i si interne fordeling av stillingane.

UiS jobbar målretta med å følge opp dei nye retningslinjene for open forskning som blei vedtekne våren 2020. UiS har installert ei ny diamant Open Access publiseringssplattform, Open Journal Systems, der UiS har publisert fire tidsskrift. UiS jobbar no med to nye tidsskrift som er forventa å kome inn på plattformen i løpet av dei neste to månadene. I tillegg har det i 2020 blitt oppgradert til ny og meir sikker versjon, forbetra design og lagt til mange relevante funksjonar.

UiS leiar ei arbeidsgruppe sett ned av UHR publisering, UHR bibliotek og UHR forskning for å undersøke moglegheitene for ei nordisk eller nasjonal Open Access tidsskriftpubliseringssplattform. Ferdigstilling av rapport er forventa i april/mai 2021.

Som einaste universitet i Noreg, har UiS opna ei plattform for «grå litteratur», UiS Scholarly Publishing. Den er meint for litteratur som ikkje er poenggevand, men som likevel er vitskapleg. Det er per i dag 63 publiseringar på plattformen og det aukar heile tida.

UiS har eit publiseringssfond der UiS deler ut midlar til open publisering. UiS ser ein jamn auke i aktiviteten og behovet for midlar. I tillegg har universitetet kjøpt forlagsavtalar med moglegheit for å publisere ope og har fått 178 artiklar publisert gjennom desse avtalane.

## VERKSEMDSOMRÅDE 3: INNOVASJON OG

### SAMFUNNSENKASJEMENT

UiS skal vere eit ope, samarbeidsorientert og innovativt universitet der barrierane er brotne ned mellom ulike fagmiljø og mot verda rundt oss. Gjennom vårt samfunnsengasjement legg UiS til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning.

#### Resultat og vurdering av måloppnåing

I oktober lanserte UiS ei brukarorientert og innovativ løysing for ekstern heimeside. Fem ulike nettstader (www.uis.no, student.uis.no, am.uis.no, laringsmiljosenteret.uis.no og lesesenteret.uis.no) med 100 000 sider er blitt til ein nettstad med under 2 000 sider. Det førte til ein stor auke i besøk på uis.no, med 3 827 060 besøk i 2020, mot 2 644 680 besøk i 2019 (opp 45 prosent). Før ny nettstad blei lansert 1. november, var auken på 18 prosent.

Tal på følgjarar i sosiale medium steig frå 87 000 til 96 800 i 2020. Nynorskdelen på uis.no har gått frå 13 prosent i 2019 til over 20 prosent for 2020. Nynorskdelen i sosiale medium held seg stabilt godt over 25 prosent, med 39 prosent for Twitter og 35 prosent for Facebook. Indeksen vår for måling av ekstern synlegheit i digitale kanalar viser 18 prosent auka eksponering frå 2019. Synlegheita er styrkt gjennom fleire gjester og sidevisingar på eigne nettsider, rekkjevidde og tal på følgjarar i sosiale medium og ikkje minst ein markant auke i sidevisingar på artiklar som UiS-tilsette har ansvar for hos Store norske leksikon på nett. Desse artiklane blei lesne 1,6 millionar gonger i 2020. Det er ein oppgang på 35 prosent frå i fjor.

Talet på artiklar og program i norsk media var 3 700. Det blei sendt ut 17 nyheitsbrev i 2020, til 2 301 abonnentar. I nyheitsbrevet legg UiS vekt på nyheiter knytte til arbeidsliv og innovasjon. UiS publiserte 61 artiklar som partnerinstitusjon på forskning.no i 2020, med 134 024 sidevisingar.

I samsvar med utviklingsavtalen med KD har UiS utarbeidd ein metode som bruker både kvalitative og

kvantitative bevis for å dokumentere effekt av forskinga. Metodikken tek utgangspunkt i den britiske REF-modellen<sup>[1]</sup>, for å skrive case-studiar av kva forskinga har ført til. UiS formidlar dette som historieforteljing for ulike målgrupper, og dette kan omhandle blant anna økonomi, miljø, helse, livslang læring, offentleg politikk, livskvalitet og kultur. Historiene blir publiserte på nettsidene våre og andre digitale plattformer<sup>[2]</sup>.

Tema for Forskningsdagane 2020 var «Hjernen». Årets program og publikumskapasitet var prega av koronapandemien og restriksjonar på publikumsarrangement, med makskapasitet 40–50 gjester i salen. Billettane blei rivne vekk, og det var venteliste på alle arrangement. Totalt hadde festivalen 11 arrangement der det var publikum i salen i tillegg til strøyming på nett. I tillegg leverte UiS tre innslag til eit nytt konsept som Forskningsrådet inviterte til: På labben.

I 2020 har UiS jobba med å opprette Lyspæren, eit 400 m<sup>2</sup> sambruksareal for innovasjon, entreprenørskap og berekraft. Lyspæren blir ein myldreplass for studentar, tilsette ved UiS og eksterne aktørar, der UiS legg til rette for å stimulere kreativitet og samhandling på tvers. I desember 2020 vedtok styret ved UiS å utvikle og styrke samarbeidet mellom fagmiljø innanfor innovasjon, entreprenørskap og berekraft, og å innpasse emna i fleire studieprogram.

Studentinkubatoren LevelUp har arrangert idékonkurranse og faste samlingar for studentane, for å skape eit gründer-miljø på UiS. LevelUp, med støtte frå Validé, har følgt opp studentar som bør søke NFR si STUDENT-ordning.

Gjennom InGenious melde eksterne verksemder inn 16 utfordringar, og 12 tverrfaglege studentteam jobba med desse som ein del av studiepoenggejvande emne. Norske og internasjonale studentar var representerte i kvart team. InGenious er blitt brukt som ein mal for utviklinga av den utfordringsbaserte læring-metodikken som kjenneteiknar ECIU University.

I 2020 har UiS lagt stor vekt på å formidle etableringa av det europeiske samarbeidsprosjektet ECIU University til studentar og omgjevnadene. Ein kampanje bidrog til å rekruttere studentar til å løyse utfordringar frå eksterne partnerar. Over 100 UiS-studentar har registrert seg på ECIU University. UiS leiar tre av totalt 35 prosjekt.

UiS har i 2020 levert inn 42 nye forretningsidear til Validé TTO, inklusiv 16 studentidear. Vidare blei Validé kjent med ytterlegare 34 studentidear som har kome fram gjennom seminar og innovasjonskurs. Det er levert fire patentsøknader med utspring frå UiS, og det er inngått tre lisensavtalar. Den totale verdien av UiS TTO-spin-off selskap i Validé sin eigar-portefølje er på rekordhøge 594 millionar kroner i 2020.

På Nordens største smartby-konferanse, Nordic Edge arrangerte UiS Norden sin leiande konferanse om læringsteknologi for femte gong, med 800 deltakarar frå inn- og utland, denne gongen digitalt.

Verdiskapingsforum ved UiS samla deltakarar frå næringsliv, offentlege verksemder, politikk og academia på medlemsmøte og ope seminar. UiS samarbeider tett med næringsklyngene i regionen under Verdiskapingsforum sine samhandlingsgrupper. For tida er samhandlingsgrupper med følgande tema aktive: Klyngeutvikling og store satsingar (KOSS), innovasjon og kommersialisering, Ullandhaug-området, og nye Executive Forum HHUiS og Samhandlingsgruppe for kultur.

UiS, Stavanger universitetssjukehus, Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale om universitetsområdet på Ullandhaug. Målet er blant anna å styrke helsefaglege utdanningar, forskning, innovasjon og næringsutvikling.

UiS fekk lovnad på 50 millionar kroner i oppstartsfinansiering til medisinstudiet ved UiS, medrekna 40 millionar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank og 10 millionar frå Folke Hermansen AS. På nyåret 2021 fekk UiS tilsegn på 24



*Verdiskapingsforum med digitale foredragsholdere.*

millionar kroner frå Ulla-Førrefondet og 10 millionar kroner frå Universitetsfondet AS til medisinstudium ved UiS. Dermed er heile finansieringsbehovet på 84 millionar kroner for oppstart av studiet på plass.

Gjennom HelseCampus koordinerer UiS og samarbeidspartnarane utvikling og kompetanse for å få kraft i samarbeidet om ei verdibasert og heilskapleg helseteneste. Test-, innovasjons- og simuleringssenteret er ein aktiv møteplass for erfaringsdeling, forskning, nyskaping og innovasjon på tvers av fagmiljø og mellom samarbeidspartnarar.

UiS sitt forskingsnettverk følger Smartby-satsinga i regionen tett opp, og 15 felles søknader om ekstern finansiering av forsking- og innovasjonsprosjekt blei sende i 2020. Smartbynettverket har dessutan etablert langsiktige strategiske samarbeid med regionale aktørar.

UiS var hovud- og medarrangør på fleire innovasjonskonferansar, blant anna var den internasjonale Geo-

graphy of Innovation-konferansen, Norwegian Research School in Innovation (NORSI), Innovation in Public Services and Public Policy (PUBSIC) og RUNIN meets Rogaland, der forskarar presenterte resultatane frå EU-prosjektet om universitet sin påverknad på regional økonomisk vekst og innovasjonsevne.

1003 oppgåver blei registrerte i den digitale samhandlingsportalen samarbeid.uis.no. Av desse var 327 oppgåveforslag frå arbeidslivet. Samhandlingsportalen er eit framtidretta verktøy for å få fleire bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med næringsliv og offentlig sektor.

[1] <https://www.ref.ac.uk/>

[2] Eksempel på «impact case study»: <https://www.uis.no/en/fostering-school-readiness-and-human-potential-through-playful-learning-preschools-agder-project>



## PRISAR TIL TILSETTE VED UNIVERSITETET I STAVANGER

Senter for innovasjonsforskning blei tildelt prisen **Regional Studies Institutional Ambassador Award 2020**. Senter for innovasjonsforskning fekk prisen for å ha bidratt til regional, nasjonal og internasjonal politikktutforming gjennom samarbeid med myndigheiter og næringsliv

**SR-bank sin innovasjonspris** gjekk til førsteamanuensis Mahmoud Khalifeh ved UiS. Juryen seier i grunngevinga at Khalifeh har vist ei usedvanleg evne til å konkretisere forskingsresultat i patent og teknologiske løysingar. Khalifeh peiker på at samarbeid og støtte frå kollegaer har gjort arbeidet mogleg.

**Lyse sin forskingspris** gjekk til forskingsmiljøet for partikkelfysikk og kosmologi ved UiS. Gruppen, som har bidratt til at UiS har posisjonert seg i det nasjonale og internasjonale landskapet i fysikk, består primært av professorane Anders Tranberg og Tomas Brauner, og førsteamanuensane Alexander Rothkopf, Germano Nardini, Alex Nielsen og Aleksi Kurkela.

**Utdannings- og læringsmiljøprisen** gjekk til Dataverkstaden ved universitetsbiblioteket ved UiS. Programvarene som verkstaden gjev opplæring i, er ei hjelp i læring ved alle fagområda som universitetet tilbyr. Gjennom programvarene verkstaden tilbyr, får studentar forståing for både kvalitative og kvantitative metodar.



*Senterleiar Marte C. W. Solheim*



*Mahmoud Khalifeh tok mot prisen av Thor-Christian Haugland under UiS sin årsfest 29. oktober 2020. (Foto: Elisabeth Tønnessen)*



*Forskningsprisen blei overrekt av Grethe Høiland i Lyse på UiS sin årsfest 29. oktober 2020. (Foto: Elisabeth Tønnessen)*



*Koordinator for Dataverkstedet Linn Elise Gulliksen og bibliotekdirektør Gitte Kolstrup under prisutdelinga. (Foto: Elisabeth Tønnessen)*



## VERKSEMDSOMRÅDE 4: ORGANISASJON OG RESSURAR

UiS arbeider kontinuerleg med å utvikle organisasjonen. I løpet av 2020 er det blant anna arbeid fram fleire sentrale institusjonelle planverk som viser at UiS har store ambisjonar om omstilling og fagleg styrking i åra som kjem.

### Resultat og vurdering av måloppnåing

#### Strategi

Universitetet i Stavanger gjennomførte i 2020 ein faseinndelt strategiprosess. Styret hadde det overordna ansvaret for prosessen, og rektor si leiargruppe var strategiprosessen si styringsgruppe. Rektor, prorektorar og direktør for organisasjon og infrastruktur utgjorde prosjektgruppa og hadde ansvar for å utforme eit fullstendig strategidokument til høyring og endeleg styrebehandling. I strategiprosessen blei det lagt stor vekt på informasjon, kommunikasjon og involvering, og både interne arbeidsgrupper og eksterne referansegrupper fekk høve til å gje innspel. Strategidokumentet blei sendt på høyring hausten 2020 og vedteke av styret 22. oktober. Satsingsområda i strategien samsvarar i stor grad med måla for UH-sektoren og er blitt godt mottekne både internt i verksemda og hjå eksterne samarbeidspartnarar. UiS sine langsiktige ambisjonar og seks satsingsområda er presenterte nedanfor. Heile strategidokumentet, Strategi 2030, kan lesast på [uis.no](http://uis.no)

Vi skal vere eit ope og innovativt universitet med høg kvalitet i utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid.

Den felles retninga vår skal vere prega av ansvaret for berekraftig omstilling.

Vi skal vere kjenneteikna av høg trivsel blant studentar og tilsette.

Energi, helse og velferd, og læring for livet er satsingsområda våre.



#### Langtidsbudsjett, effektiv ressursutnytting og ressurstilgang

Parallelt med strategiprosessen blei det utarbeidd langtidsbudsjett for verksemda for å sikre strategisk og økonomisk handlingsrom fram mot 2030. Langtidsbudsjettet blei presentert for UiS-styret første gong i desember 2020 og tilfører verksemda eit nytt og sentralt verkemiddel for å sikre at UiS når sine overordna målsettingar.

Våren 2020 sette rektor ned tre ulike arbeidsgrupper som alle, på kvar sine område, skulle utarbeide forslag til forbettrings- og effektiviseringstiltak knytte til "forsterking av studieporteføljen", "effektiv drift" og "tiltak for å sikre økt ekstern finansiering". Tiltaka frå desse prosjekta vil følgast tett opp i arbeidet med langtidsbudsjettet framover.

#### UiS Innsikt

UiS har i løpet av 2020 styrkt arbeidet med verksemdsstyring. Portaltenesta UiS Innsikt er vidareutvikla for å gje informasjon som kan vere nyttig i arbeidet med styring og utvikling av verksemda og studieprogramma. Portalen er gjort tilgjengeleg for alle tilsette på UiS sine intranettsider og gjev tilgang til statistikk, nøkkeltal og nyttig informasjon om verksemda og studieprogramma,

både for UiS og for andre institusjonar i sektoren. Per i dag er områda verksemdstyring, HR, økonomi, forskning, utdanning og miljøstatistikk etablert i UiS Innsikt. Portalen er under utvikling og målsettinga er å gje støtte til verksemda som viser eit aukande behov for og ønske om ny informasjon og digitale rapportar.

#### *Organisasjons- og kompetanseutvikling*

UiS har halde fram arbeidet med å utvikle organisasjonen på ein slik måte at han best mogleg støttar opp under universitetet sine oppgaver innan utdanning, forskning og formidling i 2020. I 2020 blei både IT-avdelinga, økonomiavdelinga og utdanningsavdelinga omorganiserte, bl.a. med sikte på nettopp dette. Vidare var føremålet å oppnå ei tydelegare organisering, ikkje minst for brukarane, og å sikre eit overkomeleg leiar-spenn. I løpet av året blei det òg sett i gang eit arbeid med å sjå nærare på mellom anna organisering og arbeids-/samarbeidsmåtar ved Arkeologisk museum. Arbeidet vil bli fullført i 2021.

Prosentdelen vitskapleg tilsette med førstekompetanse i 2020 var totalt 76,9, som er ein auke frå 75 prosent i 2019. Auken har vore jamn over fleire år, og målet for 2020 er nådd. Det er grunn til å tru at prosjektet “Kvinner til topps” har bidratt til den positive utviklinga, saman med eit generelt stort fokus på kompetanseutvikling over tid, ein stor auke i talet på stipendiatstillingar, og i tillegg generelt betre tilgang på førstekompetanse i arbeidsmarknaden enn tidlegare.

UiS har dei siste åra hatt stort fokus på leiarutvikling. Difor har kurskonseptet «Forskingsleiing på Vestlandet» i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL) vore vidareført i 2020, med 15 deltakarar frå UiS og 16 frå HVL. Målet er å gje deltakarane betre leiarkompetanse og gje dei verktøy til å meistre ulike utfordringar i rolla som forskingsleiarar. Likeins har UiS og HVL vidareført konseptet «Kollegarettleiing», der grupper av leiarar med personalansvar møtest for å snakke om saker og rettleie kvarandre.



*Utendørs skolelab med Inge Christ og Mari Mæland Nilsen.*

UiS iverksette i 2020 ei ny ordning for merittering av undervisarar, som ledd i ein heilskapleg karrierepolitikk. Ordninga omfattar stillingskategoriene professor, dosent, førsteamanuensis og førstelektor. Målsettinga er at ordninga skal bidra til at arbeid med undervisning i større grad blir verdsett, og å styrke den utdanningsfaglege kompetansen og kvaliteten i utdanningane. Som ledd i implementeringa er det utvikla og vedteke kriterium for ordninga og gjennomført søkarseminar. I tillegg blei dei fire første undervisarane gjeve statusen “merittert undervisar”.

UiS har som målsetting å oppretthalde eit relativt høgt tal på lærlingar. Talet på lærlingar var seks i 2020, fordelt på tre ulike fag. Dette er noko lågare enn året før, og eit stykke unna ambisjonen om ti lærlingar. Men samtidig var talet dobbelt så høgt som for berre fire år sidan. Nedgangen i år kjem først og fremst av at det har vore utfordrande å få tak i eigna lærlingkandidatar.

#### *Forbetre kjønnsbalansen*

UiS hadde i 2020 som mål at prosentdelen kvinnelege professorar skulle vere 29, medan prosentdelen enda opp på heile 36, ein auke frå 33,5 prosent året før. Talet for 2020 representerer såleis ei vidareføring av den positive trenden UiS har sett dei siste åra.

Tilsvarende er prosentdelen kvinner i dosent- og professorstillingar 35,6, som er ein auke frå 34,4 prosent året før. Igjen er dette ein del av ein trend gjennom mange år. Til samanlikning er talet for 2020 meir enn tre prosentpoeng høgare på UiS enn gjennomsnittet for statlege institusjonar.

Mykje av forklaringa på auken i desse måltala kan også her truleg tilskrивast det NFR-finansierte opprykksprosjektet «Kvinner til topps». Sidan starten av prosjektet i 2015 har prosentdelen kvinnelege professorar auka med 15 prosentpoeng. Prosjektet har frå hausten 2019 vore finansiert med interne midlar, og hadde i 2020 i alt 20 deltakarar som er forventa å søkje opprykk etter fullført prosjekt i 2022.

#### *Mellombelse tilsettingar*

Prosentdelen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar i 2020 var 13, ein reduksjon frå 15,7 prosent året før. Med ei målsetting på 14 prosent blei målet nådd. Nedgangen har vore jamn over fleire år, og er eit resultat av målmedvite arbeid for å få ned talet på mellombels tilsette, i tråd med føringane i tildelingsbrevet frå KD. Mellom anna blei det i april 2020 vedteke ein eigen handlingsplan for å få ned talet på mellombelse tilsettingar.

#### *Slutføring og implementering av ny campusutviklingsplan*

Arbeidet med å utvikle ein heilskapleg og langsiktig campusutviklingsplan for UiS blei slutført i 2020 og vedteken av styret i september. Planen er overordna og inneheld tre hovudprioriteringar som er følgde opp gjennom 2020, sjå seinare omtale.

Campusutvikling og kostnader knytte til bygg-, eigedom- og infrastrukturtiltak er vesentlege faktorar i et langtidsperspektiv, og område som er avgjerande for vidareutviklinga av universitetet. Det er planlagt ein institusjonell investeringsplan for bygg og infrastruktur i løpet av våren 2021. Denne blir viktig med tanke på å sikre ei planmessig prioritering av tiltak i campusutviklingsplanen. Planen blir innretta med eit overordna tiårig perspektiv, med inndeling i fasar med ein «fast» tre-fire års horisont. Ein tek sikte på å rullere investeringsplanen årleg med tett kopling til langtidsbudsjettet.

#### *Grunnlag for vedtak om eit nytt helsefakultetsbygg*

UiS ønskjer å bygge eit nytt helsefakultetsbygg i nærleiken til det nye universitetssjukehuset (SUS). Ved utgangen av 2020 er status i arbeidet med eit nybygg at saka er til vurdering. UiS har bedt departementet om å få gå vidare med konseptval under føresetnad av at eit nytt bygg kan leiast i den private marknaden. UiS har òg bedt om at det blir gjeve unntak frå kravet i bygge- og leiesaksinstruksen om konkurranseutsetting av leigeforholdet. Tilbakemeldinga i desember 2020 var at ein planlegg å sende saka over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avklaring. Det er forventa av dei lokale

involverte partane at spørsmål om tomteval blir endeleg avklart i løpet av 1. kvartal 2021. Dette er avgjerande for at fase 2-konsepta for nye SUS kan vite kva dei skal styre etter i samband med mogleg sambruk og samfinansiering av areal med eit nytt helsefakultetsbygg.

### *Digitalisering*

Det er sett i gang eit arbeid for å lage ein langsiktig digitaliseringsplan for UiS, med planlagt styrebehandling innan juni 2021. Som ein del av dette arbeidet vil ein sjå på nye retningslinjer for digitalisering og på metodikk for gevinstrealisering. Det er sett av ekstra midlar til digitalisering i budsjettet for 2021.

Det blei i løpet av 2020 sett i gang eit prosjekt som mellom anna har til hensikt å oppnå prosess- og systemforbetring for arbeidsplanleggingsprosessen, gjennom digitalisering og standardisering. Vidare er hensikta å forbetre datakvalitet og dataflyt mellom datavarehuset UiS Innsikt på den eine sida, og dei sentrale kjeldesystema for løns-, personal- og organisasjonsdata (SAP), utdanningsdata (FS) og arbeidsplandata (WorkPlan) på den andre sida.

Dette skal igjen gje betre styringsdata og betre tenester på rapporterings- og analysenivå, og vil mellom anna gjere det enklare å vareta kompetansekrava i Studietilsynsforskrifta. Arbeidet inneheld ei rekke leveransar som til dømes ferdigstilling og implementering av eit allereie utvikla rammeverk for berekning av undervisningsressursar. I tillegg kjem utvikling og implementering av eit enkelt rammeverk for planlegging og registrering av forskingsoppgåver etc., revisjon av retningslinjene for arbeidsplanlegging, og implementering og full utrulling av ny versjon (v3.0) av arbeidsplanverktøyet. Prosjektet skal vere fullført i løpet av 2021.

### **ANNA RAPPORTERING**

#### **Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal**

UiS fekk i 2020 totalt 7,2 millionar kroner frå KD si tilskotsordning til oppgradering og tilpassing av forskings- og undervisningsareal. Tildelinga blei fordelt til fem delprosjekt. Prosjekta er i tråd med vedteken campusutviklingsplan og er eit viktig ledd i vidareutviklinga av ein framtidretta og berekraftig campus i tillegg til at dei bidrar positivt til



*Innvielse av det nye biblioteket i Bjergsted.*

lærings- og studentmiljøet ved universitetet. Gjennomføring av prosjekta er sett til perioden 2020/21. Nedanfor følger ein kort omtale av dei ulike prosjekta:

Då Kunnskapssenteret fekk etablert kontorlokale i 2. etg. U-fløy i Hagbart Line hus frå hausten 2019, gjekk dette på kostnad av nokre svært populære grupperom til studentane. Ein lite brukt lesesal i same korridor blei omgjort til eit undervisningsrom. Dette frigjorde areal i 3. etg., og dette arealet blei hausten 2020 bygd om til tre nye grupperom til studentane. KD bidrog med delfinansiering av prosjektet med 0,4 millionar kroner. Romma blei ferdigstilte i 2020 med ein total kostnad på om lag 0,95 millionar kroner.

Universitetsbiblioteket i Bjergsted var frå 70-talet og hadde behov for både fornying og utbygging av fasilitetane. KD tildelte 1,5 millionar kroner til prosjektet. Saman med studentane blei det planlagt for nye lese- og arbeidsplassar, gruppearbeidsplassar, opne og attraktive areal, sosiale soner og spesielle fasilitetar for musikkområdet

med lytte- og visualiseringsrom. Prosjektet blei ferdigstilt hausten 2020 til ein total kostnad på 3,4 millionar kroner.

Universitetet fekk vidare 1,5 millionar kroner til oppgradering/ombygging av Arne Rettedals hus og 2,8 millionar kroner til oppgradering/ombygging av Kitty Kjellands hus. Begge prosjekta er knytte til det planlagde bygolvet på campus. Prosjekta har hatt ein forseinka oppstart, men ein er no i gang med prosjekteringa. Det er berre fakturert totalt 0,2 millionar kroner i 2020 som gjeld arkitekttenester. Full oppstart for begge prosjekta er venta i mars/april 2021 med slutføring til semesterstart.

Oppgradering av studierom og prosjektrum i Kjølv Egeland's hus blei sett i gang for å betre studentoppfølging og læringsmiljø og auke attraktiviteten for studentane. Eit prosjektrum blei ferdig i desember 2020, og arbeidet i studieromma er forventa å vere ferdig i løpet av vinteren 2021. Estimert total kostnad for prosjektet er 2,5 millionar kroner inkludert tildeling frå KD på 1 million kroner.

### Oversikt over bruk av tildelte midlar og eigenfinansiering

Prosjekt	Kostnads ramme	Tildeling frå KD	Kostnader 2020	Kostnader 2021	Eining
Nye studie- grupperom/arbeid srom i HL-hus	900 000	400 000	950 000	-	Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora
Oppgradering UBIS i Bjergsted	3 100 000	1 500 000	3 396 500	-	Fakultet for utøvande kunstfag
Bygolvet – ombygging AR-hus	3 300 000	1 500 000	100 000	3 200 000	Avdeling for bygg og arealforvaltning
Bygolvet- ombygging KK-hus	5 800 000	2 800 000	100 000	5 700 000	Avdeling for bygg og arealforvaltning
Oppgradering studie- og prosjektrum i KE-hus	2 500 000	1 000 000	2 070 000	430 000	Det teknisk vitskaplege fakultet
<b>Total kostnad</b>	<b>15 600 000</b>	<b>7 200 000</b>	<b>6 616 500</b>	<b>9 330 000</b>	

## RESULTAT OG MÅLOPPNÅING FOR ANDRE MIDLAR TILDELT I 2020

### Midlar til Kunnskapssenter for utdanning (kap. 201, post 21)

2020 var det første heile året til Kunnskapssenteret ved UIS Trass i ein pandemi som bidrog til manglande høve til å oppsøke samarbeidspartnarar og initiere kontaktar fysisk, har KSU oppretthalde høg aktivitet på utarbeiding

av systematiske kunnskapsoversikter og formidla gjennom nettsider, sosiale medium, webinar og ph.d.-opplæring og konferansar. Hausten 2019 var det berre tre tilsette ved senteret, i tillegg til to studentassistentar. Ved utgangen av 2020 hadde senteret ni tilsette. I tillegg er det engasjert fire studentassistentar og ein universitetslærer (maststudent) i 50 %-stilling.

## Midlar til utvikling og drift av partnerskap i grunn-skolelærerutdanningane (kap.275.21)

Sidan oppstart i 2018 har alle lærerutdanningane på UH-fakultetet fordelt på tre institutt delteke i partnerskapsarbeidet. I regionen er tre universitetsskolar og ein universitetsbarnehage etablerte; Storevarden barneskole,

Lunde ungdomsskole, St. Svithun vidaregåande skole og Jåttå barnehage. Perioden fram til sommaren 2022 er ein pilotfase for satsinga med hovudvekt på relasjonsbygging og utforsking av nye samhandlingsarenaer. Handlingsplanen følger strategidokumentet Lærerutdanning 2025 og målbiletet for tiltaket.

### Satsinga har følgjande fire innsatsområde:

2018-2022	Innsatsområde	Målsetting
1	Skolebasert/barnehagebasert praksis lærerutdanning	Felles språk, fagmiljø for praksislærarar
2	Felles fagdidaktiske opplegg	“Klinisk praksis” praksisnær undervisning
3	Felles FoU-prosjekt	Relevante tema for praksisfeltet, praksisnær forskning
4	Administrasjon og formidling	Struktur for samarbeidet, arena for erfaringsdeling

UiS fekk i perioden 2017–2019 årleg overført 2,944 millionar kroner, totalt 8,832 millionar kroner. Utviklingsarbeid av dette formatet tek tid, og planen var ved oppstart å fordele midlane over ein pilotperiode på fire år. I april 2020 fekk UiS ei supplerande overføring på 4,280 millionar kroner som har gjeve rom for auka aktivitet i åra 2020–2022. Innsatsområda blir behaldne og det blir planlagt for ekspansjon med ny ungdomsskole i 2021 og ny barnehage i 2022. Etablering av delte stillingar på sikt er eit sentralt mål, og som ein oppstart til dette blir lærarar frå praksisfeltet knytte til satsinga i stillingsprosentar. I løpet av 2021 vil alle universitetsskolar og -barnehagar ha lærarar med avsett tid i arbeidsplanen til satsinga.

Koronasituasjonen har ført til forseinkingar i nokre samarbeidsprosjekt. Det er etablert gode strukturelle rammer og arenaer for samhandling som har fungert bra digitalt. Ei fagleg og administrativ leiing har ansvar for framdrift og god kommunikasjon med alle partar. Vitskaplege tilsette på institutta leier planlegging og relasjonsbygging med praksisfeltet i stillingsprosentar. Som innsatsområde er den skole- og barnehagebaserte praksislærer-utdanninga eit fundament for profesjonsfagleg samhandling og kunnskapsutvikling. I 2020 har 34 praksislærarar fullført utdanninga, og nye kull har starta opp. Erfaring viser at utdanninga styrker og støttar samhandling om andre prosjekt. Fleire fagdidaktiske

### Kostnader til drift i 2020 og planlagde budsjett for auka aktivitet i 2021

Driftsutgifter	Drift 2020	Budsjett 2021
Løn UiS tilsette	2 045 852	3 073 392
Løn til lærarar i praksisfeltet	60 806	465 852
Såkorntmidlar	108 908	200 000
Andre driftskostnader	36 454	908 308
<b>Totalt</b>	<b>2 252 020</b>	<b>4 647 552</b>

samarbeidsprosjekt er i gang om praksisnær undervisning på campus og mikroundervisning for studentar i praksisfeltet. Årleg overføring av såkornmidlar har sett gang i FoU-prosjekt med relevans for praksisfeltet. Dette arbeidet held fram og blir utvikla i åra som kjem, og i 2021 blir erfaringsdeling og formidling eit sentralt tema for satsinga.

### **Midlar til utvikling av helsefagleg miljø**

Universitetet fekk i november 2019 fem millionar kroner til utvikling av det helsefaglege miljøet. Midlane blei vidareført i tildelingsbrevet frå KD for 2020. I tillegg fekk UiS to millionar kroner i RNB 2020 til særskilt finansiering for medisin- og andre helseutdanningar.

I 2020 har UiS halde fram arbeidet med å etablere og akkreditere ei profesjonsutdanning i medisin. Arbeidet

med utvikling av søknad om etablering og akkreditering, og med studieplan, har blitt leia av dekan ved Det helsevitskaplege fakultet (HV). Prodekan for utdanning ved HV, to fastlegar, legar frå Universitetssjukehuset i Stavanger (SUS), ein førsteamanuensis ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, to medisinstudentar og ein seniorrådgjevar frå utdanningsavdelinga ved UiS har delteke i arbeidgruppa. Dei to fastlegane har blitt frikjøpte i 50 prosent, og legane frå SUS har blitt engasjerte i 20 prosent stillingar. Søknad og studieplan har blitt fagfelle-vurdert av fire eksterne fagfellar; to professorar i medisin, ein ph.d. i medisin og ein professor i pedagogikk. Fagfellane støttar etablering av studieprogrammet slik det er skildra i søknad og studieplan, og fleire trekker fram at studieplanen vil kunne innebere ei etterlengta fornying av norsk medisnutdanning. I hovudsak har det gått med midlar til å engasjere eksterne ressursar.



*Illustrasjonsbilde av  
Kjølv Egelands hus.*

Søknaden om etablering av medisinstudium blei behandla av UiS styret 22. oktober, og utdanningsutvalet akkrediterte ei treårig profesjonsutdanning i medisin den 28. oktober.

Pr. 31.12.20 er det igjen ca. 5,2 millionar kroner av den totale tildelinga frå KD på 12 millionar kroner til utvikling av det helsefaglege miljøet (5 mill. kr. i 2019 og 5 + 2 mill. kr. i 2020). Desse midlane vil blant anna bli brukte til framtidig aktivitet på HV-fakultetet til den etablerte ressursgruppa i medisin og det helsefaglege miljøet. I tillegg vil dei resterande midlane bli brukte til å auke undervisningsressursar, tilpassing av læringsareal og klinisk undervisning. Utvikling av areal i HelseCampus til ph.d. kandidatar/postdoktorar i medisin inkludert lokale til bachelorutdanninga i paramedisin har vore nødvendig for å ta høgd for denne veksten i aktivitet.

#### **Oppdatert prosjektrapport for nytt formidlings- og magasinbygg ved Arkeologisk museum (kap.260, post 50).**

Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger har sidan 1994 arbeidd for å få tilfredsstillande lokale til formidlingsverksemda og magasin for oppbevaring av over 1,5 millionar gjenstandar. Kunnskapsdepartementet bad i 2009 om at prosjektplanar skulle utarbeidast, og i 2011 blei ein arkitektkonkurranse gjennomført. Forprosjektet blei ferdig i april 2014, og sidan har muséet og universitetet venta på ei avklaring rundt finansiering av eit nytt formidlings- og magasinbygg .

UiS fekk i 2020 ei tilleggsøyving på 3,5 millionar kroner til oppdatering av forprosjektet, og har saman med Statsbygg gjennomført dette med utgangspunkt i den førre forprosjektleveransen og med rapport til departementet i juni 2020. Forprosjektet er oppdatert etter gjeldande krav og standardar, inklusive oppdatering frå TEK10 til TEK17. Oppdatert kostnadsoverslag er innanfor tidlegare godkjend kostnads- og styringsramme. Kostnadsramma er uendra på 393,9 millionar kroner, medan styringsramma er redusert frå 351,0 millionar kroner til 342,7 millionar kroner. Alle kostnadar er i prisnivå pr 15.02.2020. Styringsramma inkluderer tomtekjøp, og kostnadsramma

inkluderer i tillegg kunst. Gjennom oppdateringsfasen våren 2020 er det gjort endringar og kutt knytte til ei rekkje forhold for å tilpasse seg rammene. Dekning av kostnader til utstyr er ein avgjerande føresetnad for realisering av nybygget, og frå universitetet si side er det forventa at dette blir finansiert som ein del av byggeprosjektet.

Universitetet meiner at eit nytt formidlings- og magasinbygg vil ha mykje å seie som eit regionalt og moderne landemerke, der eit auka tal besøkande vil bidra til å sikre kulturarven. Eit nybygg ved muséet vil òg bidra til å utvikle universitetet som heilskap og vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling, samarbeid og internasjonal forskning.

Universitetet stadfestar at tilskotet er nytta i samsvar med vilkåra i tilskotsbrevet.

#### **Støtte til stipendiatar og postdoktor med finansiering frå EU og private aktørar (kap. 260, post 50)**

UiS fekk i løpet av 2020 to supplerande tildelingsbrev med støtte til doktorgradsstipendiatar og postdoktorar med finansiering frå EU og private på til saman 1,093 millionar kroner. Forlengingar av tilsettingsperiode for desse vil tre i kraft i 2021/2022, og midlane vil bli tilførte prosjekta etter kblei som forlengingane skjer.





---

## IV. Styring og kontroll i verksemda

## RAPPORTERING OM STYRING OG KONTROLL

UiS har etablert tilfredsstillande styring og kontroll i samsvar med Økonomireglementet §§4 og 14 og vedtak i pkt. 2.4 om intern kontroll.

1) Strategi 2030 omtalar UiS sine hovudoppgåver og mål, og er det overordna styringsdokumentet. Det er sett i verk ein prosess der styret skal vedta ein fireårig handlingsplan (Handlingsplan 2024) i mars 2021 for å følge opp ambisjonane i ny strategi. Arbeidet med risikovurdering for å følge opp handlingsplanen tek til i løpet av våren 2021. For å underbygge strategien godkjente styret i desember 2020 eit langtidsbudsjet for perioden 2021–2030. Langtidsbudsjetet skal oppdaterast fortløpande og styrebehandlast i desember kvart år. Det er også sett i verk prosessar for å etablere institusjonelle planar for investering i bygg og for digitalisering, der begge er planlagde styrebehandla i løpet av første halvår 2021.

2) UiS har etablert nettbasert tilgang til aktuelle lover og føresegner som gjeld for verksemda gjennom egne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok.

3) UiS har ISO-sertifisering av IT-sikkerheita (informasjonsteknologi).

4) Nødvendig opplæring og kurs er ein viktig del av styring og kontroll ved UiS, slik at arbeidstakarane har kunnskapen og ferdigheitene dei treng innanfor sine aktuelle fagfelt.

5) UiS arbeider kontinuerleg med kartlegging og oppdatering av hovudprosessane ved UiS. Dette har vore gjort gjennom prosesskart/flytdiagram. Prosesskarta inneheld skildringar av prosessar frå start til slutt, med tilhøyrande risikoar som har blitt identifiserte gjennom prosessen.

6) UiS har etablert risikostyringsverktøy på ulike nivå i verksemda.

Denne prosessen med tilhøyrande tiltak er sett i gang over dei siste åra, blant anna for å hjelpe leiinga med å handtere risiko i tråd med risikonivået det er semje om. Universitetet si tilnærming bygger på anerkjende rammeverk for risikostyring, COSO-rammeverket, og arbeidet byggjer på ei vurdering av vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåing. Hendingane blir vurderte med tanke på kor sannsynleg det er at noko skal skje, og ut frå konsekvens, der svakheiter i kontrollsystema er identifiserte. Dette dannar grunnlag for å vurdere kvaliteten i det interne kontrollsystemet som er etablert, eventuelt kome med innspel til utvikling av nye nøkkelkontrollar og legge til rette for tiltak.

UiS har utvikla internkontrollsystemet ut i frå følgande komponentar:

- a) Kontrollmiljø
  - b) Risikovurderingar
  - c) Kontrollaktivitetar
  - d) Informasjon og kommunikasjon
  - e) Oppfølging
- Desse komponentane skal stø opp om verksemda sine mål om:
- f) Målretta og formålstenleg drift
  - g) Påliteleg rapportering
  - h) At lovar og reglar blir overhaldne

UiS sin modell for internkontroll er per i dag ikkje uttømmende, men det blir arbeidd kontinuerleg med ytterlegare tilpassingar og forbetringar av prosessane. Internkontroll-løysingane ved UiS blir vurderte til å gje tilstrekkeleg og god forvaltningskvalitet i form av målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og at lover og reglar blir overhaldne. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess ved verksemda og moglege avvik blir følgde opp. Internkontrollen i verksemda er dokumentert gjennom egne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok med tilhøyrande rutinar og malverk.

Nytt delegasjonsreglementet blei vedteke av styret våren 2020. Delegasjonsreglementet gjev oversikt over korleis avgjerdsmyndigheit er delegert frå rektor og vidare til verksemda sitt nivå 2.

Operasjonell beredskapsleiing blei etablert tidleg i 2020 og har hatt overordna operasjonelt ansvar for handtering av covid-19-situasjonen på UiS sidan. Det er etablert lokal beredskapsleiing på kvart fakultet som handterer tilpassingar i drift og tek avgjerder på lokalt nivå, i tråd med prinsippet om tredelt kriseleiing. Det har ikkje vore spesielle hendingar, vesentlege forhold og vesentlege endringar eller særskilte tiltak på universitetet i 2020 knytte til ordinær drift utover covid-19-situasjonen.

Arbeidet med personvern blir vareteke av personvernombod. UiS har ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen i Dokument 1 til oppfølging. Vurderinga vår er at verksemda har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet.

## INFORMASJONSTRYGGLEIK

Arbeidet med informasjonstryggleik blir leia av ansvarleg for informasjonstryggleik (ISA/CISO), og ved UiS har IT-direktør denne rolla. Den operasjonelle aktiviteten blir utført av Seksjon for informasjonsforvaltning, som og har forvaltningsansvar for leiingssystemet til arbeidet for informasjonstryggleik og personvern (LISP).

I 2020 blei det etablert eit reglement for informasjonstryggleik og personvern (IS&PV). Dette reglementet utfyller politikken for IS&PV, som blei vedteken i 2019. Saman utgjer politikken og reglementet dei overordna dokumenta i styringssystemet for IS&PV (LISP) ved UiS.

Det er også blitt arbeidd med oppfølging av funn frå UNIT si årlege kartlegging av IS&PV, på vegner av KD. Arbeidet med å operasjonalisere styringssystemet (LISP) er styrkt ved at Seksjon for informasjonsforvalt-

ning er tilført ressursar, og ved at eit formelt prosjekt er etablert (LISP 2020) for å adressere spesifikke funn. Dette prosjektet er forankra hos UiS-styret og rektor. IT-avdelinga har i 2020 vidareført ekstern sertifisering etter ISO 27001:2013 og ISO 9001:2015. Likevel vil denne sertifiseringa ikkje vidareførast, då fokus framover vil vere å sikre at UiS som heilskap etterlever krava i KD sin Policy for informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning. IT-avdelinga har i 2020 styrkt mandat for og organisering av hendingsrespons-teamet (IRT) og det er etablert ein avtale med Uninett for styrking av Cyber Security generelt. Arbeidet med å innføre to-faktor automatisering for vesentlege kontorstøttesystem (Microsoft 365 / OneDrive / Teams) kom også godt i gang og vil slutførast i løpet av vinteren 2021. Andre tiltak for å redusere risiko for ulike nettangrep er også sette i verk, som til dømes implementering av Microsoft Advanced Threat Protection (ATP).

Arbeidet med personvern (GDPR) ved UiS blir leia av personvernombodet ved UiS og er i 2020 styrkt gjennom opprettinga av personvernforum og nettverket av personvernkontaktar på fakultets- og avdelingsnivå. Det er også etablert verktøy og tilpassa informasjon om personvern til studentar og tilsette, som er tilgjengeleg både på intranettet og på UiS sine websider. Informasjonen er innretta slik at han er rollebasert, det vil seie at dei ulike målgruppene får tilpassa informasjon. UiS har arbeidd med kartlegging av personopplysningsbehandlingar og etablering av behandlingsprotokollar. Til dette blir internkontrollsystemet «Varn» nytta. Systemet blei skaffa i mars 2020. I tillegg til eigen modul for behandlingsprotokollar, inneheld «Varn» ei rekke andre modular. Det dreiar seg blant anna om modular for registrering av avvik, gjennomføring av risikovurderingar og vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA), varetaking av rettar, og organisering av personvernarbeidet. Utover dette har personvernombodet tett kontakt og samarbeid med IT-avdelinga og CISO for varetaking av informasjonstryggleik i arbeidet med personvern.

## INKLUDERINGSDUGNADEN

Rekrutterarar frå HR-avdelinga deltok i 2020 på kurs og seminar om inkluderingsdugnaden i regi av Difi. Vidare er universitetet sine verdiar og politikk med tanke på mangfald og inkludering løfta fram i alle stillingsannonser. Målet er å auke talet på kvalifiserte søkarar med funksjonshemming og/eller hol i CV-en, og bidra til eit større fokus på inkluderingsdugnaden ved leiarane si vurdering av søkarane. Det er i 2020 gjennomført kurs for nytilsette leiarar og representantar i tilsettingsorgan om rekruttering av nye medarbeidarar, der mellom anna mangfald og inkludering var tema.

Universitetet har i 2020 tilsett 284 nye medarbeidarar, hovudsakleg i mellombelse rekrutterings-stillingar. Det blei tilsett to personar, av i alt 52, som hadde informert om funksjonsnedsetting og éin, av i alt 150, som hadde informert om hol i CV-en. Dei blei alle tilsette i mellombelse rekrutteringsstillingar som legg til rette for å kvalifisere seg til framtidig fast vitenskapleg stilling. UiS har til no ikkje teke del i traineeprogrammet for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

UiS har til kvar tid mange personar på praksisplass via NAV. Gjennom 2020 har det vore til saman 26 personar på arbeidsmarknadstiltak ved UiS. Ved utgangen av året var det i alt 11 personar på arbeidsmarknadstiltak på midlar frå NAV eller med delfinansiering frå NAV. Gjennom åra har UiS ei rekke døme på at personar med praksisplass har fått arbeid ved UiS, fast eller mellombels. Her er det så langt ikkje ført statistikk, og UiS kan derfor ikkje rapportere tal for 2020 i tråd med fellesføringa til statlege verksemdar. Universitetet har dessverre ikkje lukkast i å nå målet om fem prosent inkludering.

## MELLOMBELS TILSETTE

Universitetsstyret vedtok i april 2020 ein tiltaksplan for å redusere talet på mellombels tilsette i faste stillingar ved UiS. Eksempel på tiltak:

- fastsette realistiske mål for å redusere talet på mellombels tilsette, og forankre måla i leiinga
- felles årshjul for drøftingar med dei tillitsvalde i samsvar med statstilsettelova § 9 nr 2
- langsiktig bemanningsplanlegging
- kvalitetssikring av mellombelse arbeidsavtalar

- strengare krav til dokumentasjon på mellombels behov for å kunne tilsette mellombels
- sørge for at postdoktorstillinga blir brukt i samsvar med formålet, ikkje som mellombels forskarstilling
- fastsetting av permisjonsreglement som bidrar til å redusere behovet for mellombels tilsette
- årleg gjennomgang av mellombelse arbeidsavtalar i faste stillingar
- årleg rapportering til styret om status for gjennomføring av tiltak og utvikling i talet på mellombels tilsette

Den positive utviklinga i talet på mellombels tilsette ved UiS kan tyde på at tiltaka allereie har gjeve resultat.

## LIKESTILLING, MANGFALD, DISKRIMINERING OG TILGJENGE

Universitetet sitt arbeid med likestilling skal fremje likestilling blant tilsette og studentar og sikre at alle har like moglegheiter og rettar, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, legning eller politisk overtyding. Arbeidet med likestilling er forankra i universitetsleiinga og inngår som eit viktig ansvar for leiarar på alle nivå.

Ved nyrekruttering vurderer UiS om kvinner, eventuelt menn, skal oppmodast særskilt til å søke den aktuelle stillinga, på bakgrunn av kjønnsamansetting ved eininga eller for stillingsgruppa. På nettsidene oppmodar UiS folk om å søke stilling, uavhengig av kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn. Rekrutteringssystemet tek òg vare på søkaren sine moglegheiter for å informere om etnisitet (i tillegg til hol i CV-en og nedsett funksjonsevne), slik at rettane deira blir sikra i rekrutteringsprosessen.

Kvart år blir kjønnsbalansen blant studentane i studieprogramma vurdert, medrekna behovet for kjønnskvotering. Dette har foreløpig resultert i at opptaksreglementet til masterutdanninga i helsesjukepleie er endra for å kvotere inn mannlege søkjarar.

Kvar haust får nye leiarar grunnleggjande opplæring i sentrale arbeidsgjevarspørsmål. Tema som likestilling og mangfald inngår i denne opplæringa, der tema er korleis ein kan motverke og handtere diskriminering. Opplæringa har særleg fokus på mangfaldsgevinsten.

UiS er opptekte av å få til ei god utvikling av det psykososiale arbeidsmiljøet, blant anna gjennom å redusere mobbing og trakassering. Dette blir kartlagt anna kvart år i medarbeidarundersøkinga, som alltid blir følgd opp systematisk i kvar eining, og som er eit sær s viktig reiskap i arbeidet med å vidareutvikle arbeidsmiljøet.

UiS har lenge hatt system og rutinar for varsling og oppfølging av kritikkverdige forhold for både studentar og tilsette. Det blir likevel ikkje ført nokon sentral statistikk på rapporterte hendingar/avvik, mellom anna fordi det finst fleire varslingskanalar, inkludert tenesteveg.

UiS har starta arbeidet med utvikling av ein handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald som skal forankrast i verksemda.

### **CAMPUSUTVIKLINGSPLANAR OG STØRRE BYGGEPROSJEKT**

Ein overordna og langsiktig campusutviklingsplan for effektiv og god utvikling og bruk av bygg, eigendom og infrastruktur ved Universitetet i Stavanger blei vedteken hausten 2020. Planen inneheld tre hovudprioriteringar: (i) Opning av førsteetasjane i bygga langs UiS-aksen for studentar, tilsette og ålmenta (bygolvet), (ii) Nytt bygg for Det helsevitskaplege fakultet blir plassert i tett tilknytning til nye Stavanger universitetssjukehus, (iii) Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) får bygge eit nytt tenestebygg i tilknytning til SiS sportssenter.

Arbeidet med «bygolvet» var godt i gang ved utgangen av året og moglegheitsstudiet for «bygolvet» er planlagt ferdig i løpet av februar 2021. Første del av arbeidet består av å kartlegge behov og ønske frå noverande og framtidige brukarar.

Fleire parallelle prosessar for nytt bygg for Det helsevitskaplege fakultet er i gang. Rom- og funksjonsprogrammet blei revidert i desember 2020 og samsvarer no med arealbehovet frå KVN-notat og campusutviklingsplan. Det har vore møte med SUS for å sjå på sambrukspotensial. Når det gjeld val av tomt ved nye SUS, er saka hos KD/KMD for behandling. UiS ventar framleis på godkjenning for å gå i dialog med privat utbygger på KT9-tomta.


Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) jobbar med bustadprosjektet på BS5-arealet på campus. Vidare er det blitt utarbeidd ein moglegheitsstudie for utviding av SiS sportsenter med nytt teneste-bygg. Det blir arbeidd med rom- og funksjonsprogram for prosjektet, og her samarbeider UiS og SiS tett for å optimalisere behovet og sambruk høva. Studentorganisasjonen StOr er òg ein sentral aktør her. Det blir òg arbeidd med å sikre at SiS -prosjekta blir kopla riktig på det nye «bygolvet» slik at ein oppnår eit levande og inkluderande bygg langs heile campus-aksen.

Utover eit nytt helsefakultetsbygg og nybygg ved Arkeologisk museum er behova for nye areal på Ullandhaug i komande tiårsperiode avgrensa. Framtidig arealbehov er forventa å bli dekt gjennom fortetting og ombygging/oppgradering av noverande areal. Det er sett i gang konkrete prosjekt som ledd i oppfølginga av planen, og vidare prioriteringar vil bli gjort med grunnlag i den institusjonelle investeringsplanen for bygg og infrastruktur.

#### **Aktuelle nettsider:**

*Campusutviklingsplan [www.uis.no](http://www.uis.no)*

*Styrevedtak Campusutviklingsplan [www.uis.no](http://www.uis.no)*



---

## V. Vurdering av framtidutsikter



Universitetet i Stavanger starta prosessen med å utarbeide ny strategi hausten 2019. Som ledd i arbeidet med å definere strategiske satsingsområde for dei neste ti åra blei det gjennomført ein omverdsanalyse. Analysen synte at verksemda etter alt å døme vil møte høge krav til omstilling fram mot 2030, med behov for utdanning, forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid og innovasjon for å bidra til grøn omstilling. Med høge krav til kvalitet i akademia, ser ein samtidig tendensar som kan tyde på mindre studentkull og færre søkararar til studieprogramma. I oktober 2020 vedtok styret ved Universitetet i Stavanger ein strategi som held fast på at UiS skal vere eit opent og innovativt universitet med høg kvalitet i utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid. Vidare skal verksemda si felles retning vere prega av ansvaret for grøn omstilling, samtidig som ein legg vekt på høg trivsel blant studentar og tilsette. Universitetet sitt strategidokument Strategi 2030 omfattar seks strategiske satsingar og varetek samtidig verksemda sin visjon, samfunnsoppdraget og universitetet sine oppgåver og ansvar på ein god måte:

- **Grøn omstilling.** UiS skal bidra til å omstille samfunnet gjennom forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon.
- **Energi.** UiS skal ha ein leiande posisjon innan forskning, utdanning og innovasjon på energifeltet. Kompetansen vår innan teknologi, økonomi og samfunnsforståing skal møte omstillingsbehov i energiforsyninga.
- **Helse og velferd.** UiS skal vere eit leiande universitet for utvikling av framtidens helse- og velferdstenester gjennom innovasjon og tverrfagleg samarbeid.
- **Læring for livet.** UiS skal vere banebrytande på utdanningsfeltet gjennom å utforske og etablere nye måtar å samhandle på, nasjonalt og internasjonalt.
- **Eit ope universitet.** UiS skal vere samarbeidsorientert, raust og inkluderande, og legge til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning.
- **Eit godt lærings- og arbeidsmiljø.** UiS skal vere ein stad der framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette blir støtta opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø.

Styrking av universitetet sitt arbeid med berekraftig omstilling og fokus på klima og miljø har høg prioritet. I desember 2020 blei det inngått ein revidert intensjonsavtale mellom UiS og Statsbygg om etablering av ein energisentral på campus Ullandhaug for å kunne møte framtidens utfordringar knytte til energiforbruk på ein best mogleg måte. Verksemda har fokus på grøn omstilling blant anna gjennom miljøfyrtårn og nye klimavenlege føringar i retningslinjer for jobbreiser ved UiS.

Gjennom nærmare ti år har UiS hatt ein langsiktig ambisjon om å etablere profesjonsutdanning i medisin. Ambisjonen blei aktualisert av det såkalla Grimstadutvalet sitt arbeid med å greie ut behov og potensial for kapasitetsauke i medisinutdanninga i Noreg, med spesiell merksemd på utvikling av ny utdanningskapasitet i eit trepartssamarbeid mellom UiS, Stavanger Universitetssjukehus og Universitetet i Bergen. Gjennom det siste året har UiS utvikla eit studieprogram i medisin, med sikte på opptak av studentar som har studert tre år ved ein annan lærestad, i utgangspunktet i utlandet. Med gode eksterne fagfellevurderingar er studieprogrammet akkreditert, og styret vedtok etablering av eit slikt studium i oktober 2020. Organisasjonen har mobilisert kapasitet og kompetanse for å legge best mogleg til rette for vidare opprusting for utdanning i medisin. Godt arbeid med kommunikasjon og samfunnskontakt har elles ført med seg sterkt støtte i viktige politiske kretsar, og i tillegg 84 millionar kroner til oppstartsfinansiering frå regionale kjelder. Oppstart føreset gradsrett og studieplassar, som truleg vil få ei politisk avklaring i løpet av våren 2021.

Parallelt med strategiprosessen utarbeidde UiS eit langtidsbudsjett for å sikre budsjettforankring og nødvendig handlingsrom for å følge opp strategi, utviklingsavtale og campusutviklingsplan i den komande tiårsperioden. Institusjonelle forbettringsprosjekt blei òg sett i verk for tre område; forsterking av utdanningskvalitet, auka eksternfinansiert verksemd og sikring av kostnadseffektiv drift. Respektive arbeidsgrupper blei etablert for å mobilisere forslag til forbettrings- og effektiviseringstiltak som kan sikre eit større økonomisk

handlingsrom og ein berekraftig økonomi fram mot 2030. Hovudprioriteringar og tiltak frå prosjekta vil bli innarbeidde i langtidsbudsjett, handlingsplanar og aktuelle årsplanar.

Det vil i 2021 bli arbeidd vidare med utviklinga av ein heilskapeleg investeringsplan for bygg og infrastruktur fram mot 2030. Planen vil vere ein viktig reiskap for å følge opp og prioritere tiltak i campusutviklingsplanen både på kort og lengre sikt. Planlagde investeringar vil bli kopla tett opp mot langtidsbudsjettet for UiS.

### **UTVIKLINGSAVTALEN MED KD**

I tildelingsbrevet frå KD for 2020 går det fram at departementet på sikt ønsker at alle utviklingsavtalane skal ha same avtaleperiode. I praksis inneber det at alle institusjonar skal ha avtalar som gjeld ut 2022. Universitetet i Stavanger hadde ein avtale som i utgangspunktet gjekk ut våren 2020, men fekk moglegheit til å justere/reforhandle avtalen innan 1. desember 2020. Sidan dette skjedde i same året som universitetet utforma ein ny strategi, var det viktig å sikre samanheng og konsistens med prioriteringane i den nye strategien. Ein ny utviklingsavtale blei vedteken av universitetsstyret den 10. desember 2020.

### **UTVIKLINGSAVTALEN - DEI SEKS DELMÅLA:**

UiS skal inkludere grøn omstilling i utdanningane

UiS skal bidra til grøn omstilling gjennom forskning og innovasjon

UiS sine utdanningar skal ha eit utvida samarbeid med arbeidslivet

UiS skal vidareutvikle open vitenskap og framifrå formidling

UiS skal betre studenttrivselen

UiS skal utvikle eit attraktivt universitetsområde

I den toårige avtalen med departementet har UiS prioritert utviklingsmål på tre av dei seks satsingsområda; grøn omstilling, eit ope universitet og eit godt lærings- og arbeidsmiljø.

For kvart utviklingsområde har ein foreslått to delmål med tilhøyrande måleparametrar.


Sjølv om avtaleperioden i denne omgang skal gjelde ut 2022, ser universitetet føre seg at utviklingsmåla vil kunne gjelde for ein lengre horisont enn to år. For å nå måla i utviklingsavtalen må det utarbeidast handlingsplanar med tiltak, som igjen blir reflektert i allokeringa av strategiske midlar. Dette inngår som ein viktig del av plan- og verksemdsarbeidet ved universitetet.

### **NYE VERKSEMDSPLEANAR**

For den nye strategiperioden innfører UiS handlingsplanar med mellomlangt tidsperspektiv. Desse bygger på dei strategiske ambisjonane for kvar, og kva, UiS skal vere i 2030. Målbiletet omfattar verksemdsmål, måleparametrar og resultatmål. UiS konkretiserer koplingar mellom verksemdsmål og sektormål for å legge grunnlag for effektiv vurdering av resultat i komande årsrapportar til departementet. Før UiS sette i gang sjølve planarbeidet, blei det gjort eit grunnarbeid med å utvikle planstrukturen ved UiS. UiS arbeider også for å styrke oppfølginga av planane, med refleksjon over resultat og erfaringar for å bli ein meir lærande organisasjon. Ein viktig del av dette arbeidet er styrking av risikostyringa i alle ledd av verksemda.



## Ny planstruktur frå 2021:



**Institusjonell handlingsplan:** Den nye strategien har seks satsingsområde som UiS skal utvikle og styrke fram mot 2030. For at UiS skal få til dette med avgrensa ressursar, må verksemda planlegge og prioritere bruk av verkemidla. UiS skal bli flinkare til å legge risikovurdering til grunn for planarbeid, og ha klare koplingar til langtidsbudsjett.

